



Hordaland fylkeskommune
Postmottak
5020 Bergen

Vår ref.:
55/16/610/øbj/tni

Dato:
1.april 2016

Kommentarar til prognoseinntaket 2016 frå Odda vgs.

Skulen vil innleiingsvis seie seg einig i dei vurderingane og konklusjonane Nils Skavhellen ved Inntakskontoret har gitt av talmaterialet i prognoseinntaket. Skulen vil likevel kommentere eit par tilhøve.

• VG1 Idrettsfag/VG1 Studiespesialiserande:

Det har meldt seg 15 primærsøkjjarar til VG1 Idrettsfag. Saman med søkjarane til VG1 Studiespesialiserande utgjør denne elevgruppa 55 elevar. Dette tyder at vi må sjå på ulike løysingar for å kopla desse to programma saman i fellesfag, for å halde lærartimetale ned. Dette gjeld sjølvstøtt delinga i framandspråk og matematikk, men vi må også sjå nærare på om det kan være mogeleg å gjøre koplingar i andre fellesfag også, som norsk og naturfag. Skulen har god erfaring med å sjå desse to utdanningsprogramma i eitt, og vi ser det som viktig å kunne gje elevane desse tilboda.

• VG2 Kjøretøy/Industrieteknologi:

Desse tilboda har fått til saman 11 søkjarar, 4 til Kjøretøy og 7 til Industrieteknologi. Vi må sjå desse to tilboda i samanheng.

Skulen vil føreslå å oppretthalda begge desse tilboda ut frå fylgjande grunngjeving:

- Vi samarbeider med næringslivet i regionen, og kan leggje til rette for ei ordning der ein del av opplæringa blir tatt ute i verkstadbedrifter, utan kostnader for skulen.
- Skulen har etablert eit godt tilbod for spesialelevar på bilverkstaden. Læraren i bilfag integrerer desse elevane i ordinær klasse på ein framifrå måte, utan auke i lærartettleiken. Elevar frå HT-klassane kan få einskildtimar saman med klassen i kjøretøy. Dette er eit svært godt og populært tilbod for desse elevane, og samstundes gir det skulen ei innsparing i talet på lærartimar.
- Vi føretekk ei kopling mellom klassane i nokre av emna i programfaga. Dette gjeld spesielt «Prosjekt til fordjuping» og «Dokumentasjon og kvalitet». Desse faga har klare felles kompetansemål, som aktuelle lærarar er vane med å kunne kople. I tillegg kjem kopling i

fellesfaga på VG2 TIP (totalt 9 t/v), utan at dette går utover FYR-satsinga for desse elevane. Totalt vil vi kunne spare inn ca. 20 lærartimar pr. veke.

- Det kan sjå ut som om utsiktene til læreplassar i desse faga framleis er god i distriktet vårt. M.a. signaliserer dei store industriverksemdene at dei har trong for arbeidskraft i åra som kjem.

Vi meiner at skulen på denne måten kan gje desse elevane eit godt fagleg tilbod nær heimplassen. Sjølv om elevtalet i klassane er lavt, har vi lærarar som er fleksible og viljuge til å sjå på ordningar som gjer naudsynt innsparing. Dette vil likevel ikkje gå utover den faglege kvaliteten.

Øyvind Bjørkevoll
rektor